



## **Uttale frå Ullensvang kommune til revisjonsdokument for Maurangervassdraget**

Ullensvang kommune ser på vasskraftregulering som bruk av ein miljøvenleg, fornybar og fossilfri ressurs med stor samfunnsnytte. Samstundes må reguleringa og energiproduksjonen bygga på berekraftprinsippet, der natur- og miljøverdiar vert tekne omsyn til. Mange av dagens konsesjonsvilkår er gamle, og det er naudsynt å sjå på dette i lys av ny kunnskap. Gjennom revisjon av konsesjonsvilkåra bør det vega tungt å rette opp skadar og ulemper som reguleringa har påført vassdraget og området.

Kunnskapsgrunnlaget som det er vist til i revisjonsdokumentet er rapportar som er utarbeidd før det vart fremja krav om vilkårsrevisjon. Desse rapportane har difor ikkje tatt omsyn til ålmenne innspel verken i revisjonssaka eller i konsesjonssaka.

Statkraft viser også til KU-utgreiinga som er utarbeidd av Sweco Norge AS i høve med konsesjonssøknaden for Mauranger 2 kraftverk mv. Denne KU-utgreiinga tar utgangspunkt i "*null-alternativet som er dagens anlegg uten utbygging*", og har difor heller ikkje tatt høgde for krava fremja i revisjonssaka når det gjeld miljøutfordringane i eksisterande regulering.

Fleire stadar i revisjonsdokumentet skriv Statkraft at dei er "*positive til å utrede kunnskapsgrunnlaget videre*" både "*i de berørte elvene for å se tiltak som kan bedre forholdene for fisk*" og "*for å legge til rette for en samfunnsøkonomisk nytte/kost vurdering*". Kommunen oppfattar dette slik at Statkraft sjølv meiner kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt. Det kjem ikkje fram i revisjonsdokumentet korleis Statkraft har tenkt til å avbøta det mangelfulle kunnskapsgrunnlaget. Ullensvang kommune meiner det er naudsynt med ei ny oppdatert utgreiing. Slik saka er opplyst, er det kommunen sitt syn at dei miljømessige verknadane er for dårleg utgreia. Kommunen saknar også ei samla konsekvensutgreiing av dei to sakene, og er negativ til at Statkraft basert på dei fremja krava i revisjonssaka ikkje har tatt for seg meir målretta undersøkingar.

Ullensvang kommune er opptatt av at når det skal settast vilkår for minst 30 nye år, så må kunnskapen vera oppdatert og grundig for at vilkåra skal vera best mogleg tilpassa dei overordna omsyna som skal varetakast.

Ullensvang kommune har fått fråført vatn i fleire elvar ved utbygginga av

Maurangervassdraget. Vatn frå nedbørsfeltet til Jondalselva vert nytta tilkraftproduksjon i Jukla og Mauranger kraftstasjonar. Vassdraget hadde opprinneleg eit nedbørfelt på 110 km<sup>2</sup>, men etter reguleringa er dette redusert til 79 km<sup>2</sup>. Den lakseførande strekninga er ca. 900 m lang.

I Noregs friluftshovudstad, Ullensvang kommune, er friluftsliv viktig. Fjellområda i dei regulerte områda er attraktive tur- og friluftslivsområde. Det er fleire merka turstiar som vert mest nytta i sommarhalvåret.

I høyringsbrevet frå NVE datert 21. mars 2023, er det opplyst at Statkraft sin søknad om bygging av Mauranger 2 kraftverk mv. vil bli handsama parallelt med saka om vilkårsrevisjon, samt at det vil bli arrangert ei felles synfaring.

Det er likevel ikkje tilstrekkeleg at sakene blir handsama parallelt. Dei nye inngrepa det er søkt om konsesjon for, må sjåast i samanheng med allereie gjennomførte utbyggingar og påførte inngrep som er omfatta av denne revisjonssaka. Konsesjonssaka må bidra til å avbøta skadar og ulemper frambrakt av tidlegare utbyggingar, dvs. avbøta krava som er krevd i revisjonssaka.

Mauranger 2 kraftverk vil medføra auka slukeevne og effekt, og dermed også meir effektkøyring. Effektkøyring kan medføra negative konsekvensar for fisk, turisme og friluftsliv. Den nye konsesjonen må difor sikra ei meir skånsam drift av kraftanlegget totalt sett.

Etter kommunen sitt syn må difor nye konsesjonsvilkår for eksisterende konsesjon fastsettast først, før det vert gjeve konsesjon for ytterlegare utbyggingar. Dette er naudsynt for å vurdera den samla belastninga i vassdraget, slik naturmangfaldlova § 10 krev. Denne føresegna er også relevant ved vurdering av revisjonar og nye konsesjonar. OED sine retningslinjer for revisjonssaker frå 2012 side 8, slår fast at naturmangfaldlova sine prinsipp i §§ 8-12 også skal leggst til grunn ved handsaming av den konkrete revisjonssak. Retningslinjene forutsetter vidare ei samordning; *"I de tilfeller der en vilkårsrevisjon og et O/U-prosjekt berører samme konsesjon eller konsesjoner, skal NVE søke å behandle revisjonskravene sammen med konsesjonsbehandlingen av O/U-prosjektet"*.

Med denne bakgrunnen meiner Ullensvang kommune at nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert. Alternativt må dei to utbyggingane få eit felles vilkårssett.

Statkraft har ansvar for vegen frå Botsvatn til Skarvabotn. Statkraft skriv i revisjonsdokumentet at anleggsvegar vert haldne i den stand Statkraft meiner er forsvarleg ut ifrå eigne behov. Ullensvang kommune krev at Statkraft bidreg til utbetring av steinsprangnettet langs vegen til Skarvabotn. Ullensvang krev at Statkraft bidreg med vedlikehaldsfond på Fonnavegen og Botsvatnvegen opp til Skarvabotn. Det er eit ynskje om eit årleg innskot på kr. 300 000,- (indeksregulert) frå Statkraft for at dei skal få nytta vegane. Ullensvang kommune ynskjer også at



vegen frå Botsvatn og opp til Skarvabotn vert open for alle.

Ullensvang kommune krev at Statkraft ryddar opp søppel etter utbygginga i Skarvabotn. Både fordi det er forureinande, og fordi det er eit turområde.

Turstien langs Dravladalsvatnet er rast igjen. Reguleringa har skapa vanskar for ferdsel langs vatnet. Den nye stien vart laga i samband med utbygginga då den gamle stien vart demt ned. Ullensvang kommune krev at den nye turstien må opnast og sikrast.

Ullensvang kommune krev at det bør gjerast betre tiltak for å sikra flaumoverføring i Jondalsvassdraget. Statkraft har sikra seg ved å utbetra Dravladalsdammen og overløpet. Kommunen og grunneigarane er ansvarlege for alt nedanfor dammen.

Nettinfrastrukturen for kraft inn til Odda er kritisk, både for utfall og for ytterlegare industrisatsing. Ullensvang kommune krev kraftlinja frå Mauranger til Odda.

Vegen mellom Odda gjennom Mauranger til Jondal er smal, svingete og blant dei mest rasfarlege vegstrekningane i landet. Standarden er uholdbar. Ullensvang kommune ynskjer at Statkraft er med å bidra med midlar til ny tunell mellom Austrepollen og Nordrepollen.

Ullensvang kommune ynskjer midlar til gang- og sykkelsti frå Sætveithagen til Jondal.

Ullensvang kommune ynskjer midlar til utbetring av vegen mellom Jondalstunnelen og Jondal.

På vegne av ålmenne interesser i vassdraget, er det i revisjonssaka totalt krevd vasslepp i fem elvestrekningar og restriksjonar i tre magasin. Adgangen til å ta opp vilkåra for ein konsesjon følgjer av vassdragsreguleringslova § 8.

Av forarbeidene, Ot.prp. nr. 50 (1991-1992) side 46, kjem det fram at hovudføremålet med ein revisjon av konsesjonsvilkår i eldre konsesjonar, er å betra miljøtilstanden i regulerte vassdrag ved å modernisera gjeldande vilkår og eventuelt også setta nye vilkår for å retta opp miljøskadar og ulemper som har oppstått som følgje av reguleringa. Det må takast ei avveging, der til dømes omsynet til konsesjonæren sin økonomi, samfunnsøkonomiske kostnader og kraftproduksjon vert vege opp mot den miljømessige vinninga endringar av vilkåra vil medføre. Å inntak føresegner om minstevassføring er særskilt omtalt i proposisjonen på side 47: *“Det kan være aktuelt å pålegge minstevassføringer eller foreta justeringer av tidligere fastsatte minstevassføringer. En må imidlertid være varsom med å fastsette nye skjerpene vilkår om vannslipping. Dette er pålegg som vil kunne medføre store produksjonstap. Skjerpene vilkår om minstevassføring bør derfor kun fastsettes hvor spesielle hensyn tilsier slikt*



*pålegg. Det forutsettes at revisjonen ikke skal medføre vesentlig produksjonstap for konsesjonæren [...]*. Det tyder at det må vera til stades “spesielle omsyn” for at det skal kunna gjevast føresegner om minstevassføring i revisjonssaka.

I samband med implementeringa av vanndirektivet, uttalte energi- og miljøkomiteen (Innst. S. nr. 123 (2008-2009)) følgjande om tilhøve til å innføra minstevassføring: *“Det kan være aktuelt å pålegge minstevassføringer eller foreta justeringer av tidligere fastsatte minstevassføringer. En må imidlertid være varsom med å fastsette nye skjerpene vilkår om vannslipping. Dette er pålegg som vil kunne medføre store produksjonstap. Skjerpene vilkår om minstevassføring bør derfor kun fastsettes hvor spesielle hensyn tilsier slikt pålegg. Det forutsettes at revisjonen ikke skal medføre vesentlig produksjonstap for konsesjonæren [...]*. Stortinget forutsetter at det er *“viktig å få til ordentlige miljøforbedringer der det ikke er krav om minstevannføring i dag”,* og at det ligg føre eit stort potensiale for miljøforbetringar med beskjedne verknadar for kraftproduksjonen. Uttala frå Stortinget må gjelde både restriksjonar i drifta av magasinane og ny minstevassføring i vassdraget.

Ullensvang kommune sendte over fleire krav frå grunneigarar, lag og organisasjonar til NVE ved krav om opning av vilkårsrevisjonen. I revisjonsdokumentet har Statkraft vurdert krava etter om dei er knytt til manøvreringsreglementet (krav om minstevassføring og magasinrestriksjonar), standardvilkår, andre krav og krav som ikkje er relevante i ein vilkårsrevisjon.

Slik situasjonen er i dag er fleire av elvane i Maurangervassdraget tidvis tørrlagt. Ålmenne interesser har kome med krav om minstevassføring på fleire strekningar. Statkraft opplyser å ha nytta Q95 (minstevassføring) ved vurderinga av vassføringa, ettersom kommunen ikkje har oppgjeve noko konkret krav om minstevassføring. Kommunen minnar om den ikkje sjølv sitter på hydrologisk kompetanse, og difor ikkje har kunnskap om kor mykje vatn som må sleppast. Vassleppet må baserast på ei vurdering gjennomført av biologar og hydrologar.

Botsvatn Grunneigarlag sendte inn krav om heilårs minstevassføring frå Skarvabotnvatn. Grunnlaget for kravet er primært omsyn til landskap og friluftsliv. Minstevassføringa må vera så stor at det ivaretek omsynet til biologisk mangfald i vassdraget, fisken og grunneigarane og ålmenta. Minstevassføringa vil også reparera dei skadeverknadane som tørrlegginga har medført.

Statkraft tolkar kravet som at det er knytt til landskap og friluftsliv. Statkraft tar inn vatn frå bekkeinntaket Skarvabotn ved utløpet av vatnet. Bekkeinntak har ingen lagringskapasitet, og i tørre periodar som om vinteren, er det ikkje vatn å sleppa forbi. Statkraft skriv i revisjonsdokumentet at det vil vera utfordrande å manøvrera eit minstevassføringskrav nedstrøms Skarvabotn bekkeinntak. Det er eit bekkeinntak utan straum, og utan andre høve for å tappe enn eit manuelt bjelkestengsel pr. i dag. Tilkomsten er anten på anleggsveg frå Bottsvatn i sommarhalvåret eller med helikopter som gjev høge manøvreringskostnadar og



legg sterke begrensingar på tilgjenge i periodar med dårleg vêr. Statkraft reknar med at ei minstevassføring (Q95) på 0,10 m<sup>3</sup>/s sommar gjev eit produksjonstap på 3,2 GWh/år. I tillegg kjem kostnadar ved å manøvrera eit slikt krav som vil krevja betydelege investeringar og/eller ressursar. Statkraft kan ikkje sjå at den ålmenne samfunnsnyttan overstig dei samfunnsmessige kostnadane ved tappt kraftproduksjon og auka driftskompleksitet, og anbefalar at det ikkje vert stilt krav til minstevassføring for Skarvabotn bekkeinntak.

I eldre konsesjonar er det færre krav til minstevassføring. Omsynet til natur og miljø vert i nye konsesjonssaker og revisjonar sterkare vektlagt enn før, oftast med krav om minstevassføring.

Ullensvang kommune meiner Statkraft fokuserer mykje på kraft- og inntektstapet ved endringar og er gjennomgåande negativ til krav om minstevassføring. Ullensvang kommune meiner at det er lite teknisk utfordrande å sikra ei minstevassføring, sjølv utan straum. Dette vil vera viktig for biologiske tilhøve og opplevingar langs vassdraget.

Statkraft har innleiingsvis i revisjonsdokumenter, under samandraget på side 7, peika på at det ikkje er nokon nasjonale laksevassdrag innanfor reguleringsområdet. Kommunen forstår uttala slik at Statkraft meiner at dette er av betydning for om det er anledning til å pålegga vilkår i tilknytning til manøveringa.

I OED sine retningslinjer for revisjonssaker frå 2012, er ikkje berre nasjonale laksevassdrag, men også "*andre vassdrag med særlig viktige fiskestammer og betydelige fiskeinteresser*" framheva som revisjonssaker som gjevast prioritet. At det ikkje dreier seg om eit nasjonalt laksevassdrag, har dermed ingen betydning. Eit omsyn som er av betydning for den interesseavveininga som skal føretakast i revisjonssaka, er derimot at villaksen vart sett på raudlista til Artsdatabanken som "nær truga" i 2021, noko som tyder at lakseintersessene har eit sterkare vern i dag enn kva departementet la til grunn i 2012. Vitenskapelege råd for lakseforvaltninga er klare på at vasskraft, og spesielt manglande minstevassføring og aukande grad av effektkøyring, er ein av hovudårsakane til den dårlege overlevelsesevna til avkommet. I den samanheng er det også av betydning at FN har bestemt at åra 2021-2030 skal vera naturrestaureringas tiår, og at Noreg den 19. desember 2022 slutta seg til den internasjonale naturavtalen som stiller krav om å gjenoppretta natur som allereie har gått tapt. I høve til avtalen skal avtalepartane restaurera 30% av all natur som er delvis øydelagt innan 2030, og vilkårsrevisjonar er då det viktigaste verktøyet Noreg har til å restaurera øydelagt natur og forbetra miljøtilstanden i dei regulerte vassdraga.

Ålmenne interesser og kommunen sendte inn krav om avbøtande tiltak i Jondalselva. Det bør settast ut smolt for å få tilbake ei god lakseelv. Statkraft har ikkje kommentert dette kravet i revisjonsdokumentet spesifikt. Statkraft skriv at krava må vera konkretisert for at dei skal vurderast. Ullensvang kommune



etterlyser betre utgreiing av kravet, og meiner at dette bør heimlast i nye konsesjonsvilkår.

Grunneigarane på Reisæter sendte inn krav om raskare fylling av vasstanden i Dravladalsvatnet, og at vasstanden ikkje skal vera lavare enn 10 m under HRV i juli-september. Kravet er knytt til det praktiske med båtopptrekk av båtar, samt estetisk og miljømessige omsyn. Statkraft skriv at eit oppfyllingskrav i Dravladalsvatnet om sommaren vil redusera tilgjengeleg magasinolum, og dermed auka køyrebehovet frå dette magasinet. Vidare skriv Statkraft at eit oppfyllingskrav i Dravladalsvatn vil gje vasstap då Jukla pumpekraftverk ikkje har tilstrekkeleg slukeevne til å ta unna flaumar som kjem på høg vasstand i Dravladalsvatn. Det modellerte oppfyllingskravet gjev redusert produksjon på 5,5 GWh/år. Statkraft meiner at dei store kostnadane, auka flaumtap og begrensingane på fleksibiliteten i anlegget veges opp av samfunnsnyttan ved oppfyllingskrav i Dravladalsvatnet og rår ifrå at det vert pålagt oppfyllingskrav i framtidige konsesjonar.

Det vart sendt inn krav om ei bru over elva mellom Torsnutvatnet og Revavatnet. Statkraft skriv at dei er positive til vidare dialog om tiltak for kryssing av elva.

For at resultatet av revisjonssaka skal bli tilfredsstillande, er det naudsynt med tett oppfølging frå NVE, Statkraft, kommunen og berørte ålmenne interesser.

#### Konklusjon

Ullensvang kommune krev at følgande tiltak blir iverksett for å kunna stilla seg positiv til vilkårsrevisjonen:

1. Kunnskapsgrunnlaget er for dårleg.
2. Nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert. Alternativt må dei to utbyggingane få eit felles vilkårssett.
3. Rassikring av vegen frå Botsvatn og til Skarvabotn.
4. Vedlikehaldsfond Fonnavegen og Botsvatnvegen.
5. Rydding av søppel etter utbygging i Skarvabotn.
6. Utbetring av turstien langs Dravladalsvatnet som har rast igjen.
7. Flaumoverføring Jondalsvassdraget.
8. Nettinfrastuktur til Odda. Kraftlinje frå Mauranger til Odda.
9. Midlar til ny tunell mellom Austrepollen og Nordrepollen.
10. Midlar til gang- og sykkelsti frå Sætveithagen til Jondal.
11. Utbetring av vegen mellom Jondalstunnelen og Jondal.
12. Minstevassføring frå Skarvabotnvatnet.
13. Avbøtande tiltak i Jondalselva.
14. Vasstanden i Dravladalsvatnet ikkje skal vera lavare enn 10 m under HRV i juli-september.
15. Bru over elva mellom Torsnutvatnet og Revavatnet

